

## Referat frå styremøte nr. 2-2025

**Dato:** 19.03.25

**Tid:** 10.30-12.30

**Stad:** Scandic Parken

--

### Til stades frå styret:

*Fysisk til stades:*

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordførar i Ålesund kommune) - *fråtrådte klokka 11:40*

### Forfall:

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordførar i Vanylven kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordførar i Haram kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

### Andre:

Jan Kåre Aurdal, tidlegare dagleg leiar

Frode Hansen, fengselsleiar Ålesund fengsel

Johan Lothe, stiftinga Wayback

### Referent:

Sverre Øvrelid Steen

**Sak 11/25: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Innkallinga vert godkjend.

**Sak 12/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-25**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 1-25 vert godkjend.

**Sak 13/25: Orientering om status for Sunnmøre soningscenter - idéskisse**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Fengselsleiar Frode Hansen fortalte om status for fengselet i dag. Han forklarte at i verste fall vil fengselet kunne måtte stenge med kort frist, då bygget ikkje krava til ei forsvarleg kriminalomsorg

Johan Lothe frå stiftinga Wayback synte fram eit konsept dei har utvikla for nye soningseininger, der dei m.a. har tenkt på gjenbruk ved endra rammevilkåra.

Styret drøfta korleis ein skal kome vidare i arbeidet med å realisere nytt fengsel på Digerneset, sett i lys av at regjeringa har sett av midlar i statsbudsjettet for 2025 til planlegging av nytt fengsel.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande. Administrasjonen blir bedt om å lage ein strategi for Sunnmøre regionråd sitt vidare arbeid for nytt fengsel i Ålesund.

**Sak 14/25: Status for arbeidet med omdanning av Sunnmøre regionråd**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Prosessen med å gjere Sunnmøre regionråd IKS om til interkommunalt politisk råd (IPR) med Ålesund kommune som kontorkommune vart sett på pause. Dette grunna avviklingstilskotet på om lag 3,2 millionar kroner, som KLP rekna ut at eigarkommunane måtte betale i samband med at Ålesund kommune skulle ta over pensjonsforpliktingane i IKS-et.

Dagleg leiar orienterte om alternativa ein står overfor, der det å verte eit eige rettssubjekt som IPR peika seg ut som den beste løysinga, då det i stor grad vil vere å halde fram som i dag, men organisert i tråd med Kommunelova.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande, og tilrår representantskapet om å vedta at Sunnmøre Regionråd IPR vert eige rettssubjekt, og at det gjerast naudsynte endringar i innhaldet i samarbeidsavtalen.

### **Sak 15/25: Tentativ framdriftsplan for arbeidet med ny strategi for Sunnmøre regionråd**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Jf. samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR punkt 2 skal Sunnmøre regionråd IPR bruke til ei kvar tid gjeldande strategi som metode og rettesnor i arbeidet. Det går fram av samarbeidsavtalen punkt 3 at strategidokumentet skal behandlast i deltakarkommunane.

Dagleg leiar er no i gang med ein besøksrunde hos ordførarane i deltakarkommunane. Hensikta er å bygge relasjonar og få tilbakemeldingar på kva saker ein ønskjer at regionrådet skal arbeide med, samt korleis ein ønskjer at regionrådet skal arbeide. Besøksrunda skal fullførast snarast mogleg, og seinast innan sommarferien.

Administrasjon vil foreslå at styret over sommarferien held eit strategiseminar (frå lunsj-lunsj) der styret med utgangspunkt i tilbakemeldingane frå kommunane kan arbeide med å forme strategien til regionrådet.

Vidare foreslår administrasjonen at styret sitt forslag til strategi vert sendt på høyring i deltakarkommunane før styret sender si innstilling til representantskapet hausten 2025.

Vedtak: Styret vedtek den tentative framdriftsplanen for arbeidet med ny strategi for Sunnmøre regionråd slik den går fram av saksframlegget.

### **Sak 16/25: Avklaring om Arena Sunnmøre i 2025**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Arena Sunnmøre er Sunnmøre regionråd sitt årlege stormøte for formanskapa i deltakarkommunane. Her tek vi opp tema som er viktige for utviklinga av heile regionen.

I 2024 vart Arena Sunnmøre arrangert 9. februar med temaet «Framtidsbilete om helse- og velferdstenestene i di kommune».

Administrasjonen ønsker avklaring om Arena Sunnmøre skal arrangerast i 2025, og i tilfelle når og med kva tema.

Vedtak: Arena Sunnmøre vert arrangert i 2025, med temaet «interkommunalt samarbeid». Styret ber administrasjonen kome med forslag til møtedatoar etter sommaren.

### **Sak 17/25: Uttale om "Fylkesstrategi for forskning og innovasjon for Møre og Romsdal 2025-2028"**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Fylkesstrategien er på høyring med frist 15. april. Høyringsutkastet kan ein lese [her](#).

Vedtak: Styret vedtek høyringsuttalen, med endringar som gjekk fram av diskusjonen i styret.

### **Sak 18/25: Møteplan 2025**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Neste styremøte var opphavelig bestemt til 25. april, men dette viser seg å ikkje passe for fleire av styremedlemmane.

Vedtak: Styret ber administrasjonen finne ny møtedato for neste møte. Tentativt vert dei neste møtedatoane for styret i 2025 29. august, 17. oktober og 28. november.

### **Sak 19/25: Fast orientering frå dagleg leiar**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

*Orienteringa utgjekk grunna tidsmangel.*

### **Eventuelt:**

- Håkon Lykkebø Strand gjorde greie for bekymringar knytt til at det vert arbeidd for å likestille Sjukehuset Nordmøre og Romsdal med Ålesund sjukehus, og i forlenginga gjere Volda sjukehus om til eit distriktsmedisinsk senter. Ålesund kommune har forfatta eit utkast til brev, som m.a. tok for seg moment knytt til at sjukehuset i Ålesund mistar status som hovudsjukehus. Det vart kort diskutert korleis Sunnmøre regionråd kunne arbeide vidare med tematikken i brevtkastet, for å best ivareta det samla sjukehustilbodet på Sunnmøre. Sølvi Dimmen understreka i denne samanheng at det er viktig at det går fram at det er tre akuttsjukehus i fylket, med Ålesund som hovudsjukehus. Styret bad administrasjonen arbeide vidare med temaet med mål om å sende eit felles brev, eventuelt kopla med medieutspel.